

Foretaksnavn HAUKEI NÆRINGSLAG

Kontaktperson

Navn: Gudrun K Tjønnhaug Semons

Økonomisk aktivitet og kryssfinansiering

Søker utøver økonomisk aktivitet? Ja

Søker er innforstått med forutsetningene for tilskudd til foretak som driver økonomisk aktivitet: Ja

Utfyller

Navn: Gudrun K Tjønnhaug Semons

Mottaker: Miljødirektoratet

SØKNAD

REFERANSEN.R.: 24S28177

Reinsdyr i Vågsli

Varighet: 01.01.2024 - 01.12.2024

Kort beskrivelse av hovedprosjektet og delprosjekter/tiltak:

Reinsdyrskulptur.

Reinsdyrskulpturen skal vere synleg frå E-134, og vere ei «stoppeffekt». Den skal vere innovativ, men gjenkjennbar. Samstundes har me eit sterkt ynskje om å flette inn folkeopplysing/formidling om villreinen og lokale villreinområde på ulike språk. E-134 er ei stor ferdelsåre for internasjonal trafikk, spesielt om sommaren. Dette gjev oss ein unik moglegheit til formidling om villreinen på internasjonalt nivå med stort potensiale for å treffe målgruppene og nå ut til mange.

Dette elementet skal vere lett å sjå og føta seg fram til. Lokasjonen må vere biletvenleg og ha gode lysforhold for framtidig marknadsføring.

Det er viktig å understreke at dette prosjektet ikkje er eit prosjekt der tilreisande skal forvente å sjå og møte villrein.

Reinsdyret er ein del av eit større tilretteleggingsprosjekt i området som også skal omhandle ein merka og tilrettelagt sti som leiar bort til ein slags form for heller som skal fungere som eit turmål. Her vil me også fokusere på formidling av bruk av hellerar i fjellheimen (som ly for jegerar, gjetarar, vandrarar og dyr), og på denne måten formidle kultur- og samferdselshistorie over Haukelifjell.

Alt dette skal i sum tilrettelegge for kanallisering av fotturisme, formidling og folkeopplysing, samt auka attraktivitet for området som kan kome lokale bedrifter til gode i form av økonomisk berekraft og betre jobbkvalitet/stabilitet når det kjem til arbeidsplassar.

Skulptur og vidare tilrettelegging av området, skal i utgangspunktet vere eit tilbod knytt til aktivitet i sommarhalvåret.

Formidlingspunktet og tilrettelegging av avgrensa område rundt vårt skal vere såpass interessant, spektakulært og halde tilstrekkeleg høg kvalitet når det kjem til faktaformidling, at dei får ei

tilfredsstillande oppleving i dette området utan å måtte bevege seg vidare "utover".

No i fyrste omgang søker me om midlar til eit moglegheitsstudie der me kan få brei tverrfagleg medverknad for å sikre ein solid prosess vidare der ulike interesser er ivaretakne.

Me ynskjer ei moglegheitsstudie av prosjektet i heilskap (reinsdyrformidlingspunkt, sti og turmål/heller). Potensiell realisering av prosjektet vert mest sannsynleg i form av trinnvis framgang med reinsskulptur som trinn 1.

Beskriv samarbeidspartnere:

Haukeli Næringslag (HN)/Visit Haukeli (VH) - lokalt næringslag beståande av næringar innanfor ulike sektorar. HN er eigar av destinasjonsorganet Visit Haukeli som arbeider for reiseliv, bli- og bulyst.

Vinje kommune er informert om prosjektet og vil bli kobla på etterkvart.

Villreinsenteret Sør på Skinnarbu blir etter planen samarbeidspartner på formidlingsdelen. Me har vore i ein dialog med dei.

Hvem er målgruppe(r) for prosjektet, og hvilken bruk/nytte og verdiskaping ser man for seg?

Målgruppa innanfor turisme i området per i dag er hovudsakleg familieturisme. Haukeliområdet har flott natur lett tilgjengeleg rett utanfor døra/bildøra. Det gjer destinasjonen til ein stad der så og sei kven som helst kan kome tett på naturen med låg terskel - eigentleg i alle aldersgrupper.

Området har også eit stort potensiale i forbigåande trafikk langs E-134. Spesielt i sommarhalvåret er det ein stor andel internasjonal turisme som brukar denne vegen i ferda aust/vest eller sør/vest. Her er det eit enormt potensiale, spesielt også i framtida med utbetring av vegstrekket, til å nå ut til denne gruppa.

Hyttebebuvarar og fastbuande er også i brukarmålgruppa til dette prosjektet.

Verdiskaping:

1. Formidling, folkeopplysing og utdanning. Me ynskjer å nytte stoppeffekta av skulpturen til utdanningsformål. På denne måten kan dei besökande lære noko om villrein, forvaltning, lokale leveområde, osv. Kunnskap gjev bevissgjering og ei ansvarskjensle hjå mottakar, som me håpar vil gå i arv i generasjonar.
2. Kanallisering av fotturisme. Tilrettelegging i eit område som allereie er mykje brukt av fotturistar i randsona, med mål om auka bevisstgjering av konsekvensane av ferdsel på t.d. Hardangervidda.
3. Aktivitet og tilrettelegging i for bruk av lokale og deltidsbebuvarar. Meir bruk av allereie eksisterande hytter på sommar- og i skuldersesong istadenfor at dei ligg tomme. Kunnskapsformidling kan resultere i auka bevisstgjering hjå lokale og andre som brukar området mykje.
4. Identitetskjensle til området. Skape noko som understrekar vår vår identitet og lokalhistorie som dei som bur her (og har hytte her) er stolte av og ynskjer å vise fram. Vise det unike ved området vårt.
5. Et landemerke som dette vil kunne få ringverknader som kjem det lokale næringslivet til gode. Fleir besökande, både dagsturistar og overnattingsgjester resulterar meir forutsigbarheit økonomisk for både handel og overnatting. Men vel så viktig som fleir besökande, er ein jamn fordeling av besökande, også i skuldersesong. Dette kan igjen resultere i fleire arbeidsplassar eller større heilårs-stillingar og færre sesongarbeiderar.
6. I samband med anna utvikling i området (som t.d. ein ny aktivitetspark i bygds, "Reinsparken"), håpar me

at tiltak som dette vil gjere bygda meir attraktiv for bu- og blilyst.

Beskriv hvilken kunnskap/kompetanse som er nødvendig for å realisere hovedprosjektet og delprosjekter/tiltak:

Her vil det kreve brei tverrfagleg kompetanse. No i idøfason har me inkludert næringsdrivande, representantar frå deltidsbeburane, representant frå grunneigarlaget i Vågsli, Haukeli næringslag og Visit Haukeli.

Vidare har me no tatt kontakt og vore på møte med Villreinsenteret Sør på Skinnarbu. Me håpar dei vil halde fram med eit samarbeid om formidlingsbiten av prosjektet når den tid kjem.

I tillegg må kommune, fylkeskommune, Vegvesenet og villreinnemder inkluderast. Me ynskjer å ha eit organ med brei tverrfagleg kompetanse til å ha prosjektleiinga. Det er viktig for oss å ha ein brei dialog frå start slik at me kan danne eit solid grunnlag til eit prosjekt der dei ulike interessene får vere med å danne grunnmuren saman.

Me har allereie, og vil halde fram med å kontakte andre stader med liknande tilretteleggingsprosjekt for meiningsutvekslingar og rådgjeving.

Beskriv prosjektets overføringsverdi og relevans for andre områder, og hvordan resultater/erfaringer vil bli formidlet:

Me håpar prosjektet kan gå fram som eit føregangsprosjekt i kreativ, interaktiv formidling om m.a. villrein. At det kan bli eit suksesshistorie om tilrettelegging for tusme i randsona - der folk føler seg velkomne i naturen på naturens premissar. Villreinen og villreinformidling bør vere ein moglegheit i reiselivet, ikkje berre sjåast på ein ei begrensing.

Vidare ynskjer me å vere framtidsretta i forhold til materialbruk.

Ettersom me har stort nedslagspotensial også for internasjonale turistar, så kan også dette bli ei springbrett eller "pilotprosjekt" for liknande tiltak også internasjonalt.

Eit forstudie kan også evaluere nytten av folketellarar eller kartlegging av potensiell endring i migrasjonsmønster til villrein i lokale område (mindre vs. meir fotturisme).

I hvilket fylke(r), villreinområde(r) og kommuner skal prosjektet gjennomføres:

Vinje kommune, Telemark.

Beskriv om og eventuelt hvordan prosjektet er forankret i en regional plan, og i så fall hvilken:

Regional plan for Hardangervidda 2019-2035

Utdrag:

Overordna mål:

- å sikre villreinen tilstrekkelige leveområder og langsiktig gode livsvilkår.
- å sikre lokalsamfunnene rundt Hardangervidda gode muligheter for nærings- og bygdeutvikling.
- å legge til rette for friluftsliv og naturbasert næringsliv.

På bakgrunn av rapporten om Europeiske Villreinregionar:

- Det bør etableres en bred satsing på «Villreinfjellet» som reiselivsprodukt. Dette blir en viktig del av historien om Norge.

Heiplanen - Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei.
Et godt eksempel er punkt 1.4 Mål for Heiplanen:

Øke kunnskapstilfang og -nivå ved:

- å styrke kunnskapsgrunnlaget om villreinens leveområdebruk og effekter av menneskelige aktiviteter og inngrep
- å bidra til å spre informasjon om villreinen
- å bidra til å spre kunnskap om bærekraftig bruk av natur- og kulturressurser

Hvem eier grunnen der eventuelle fysiske tiltak skal gjøres?

Noko usikkert då eit forprosjekt skal vere med å avdekke eksakt lokasjon, men det blir i Vågsliområdet.

Beskriv positive og eventuelle negative miljøvirkninger av prosjektet og tiltakene:

Det som er vanskelig å vite med sikkerheit i slike prosjekt er absolutt alle faktorar som kan følge med.

Negative faktorar heng nok i hovudsak saman med høgare besøkstal enn forventa eller at dei besøkande har eit anna atferdsmønster enn forventa (t.d. bevegar seg utover merka stiar og løyper).

Her er det allereie ein del tal å hente frå stader som har utprøva andre tilretteleggingsprosjekt/turistattraksjonar, slik at me kan så langt det lar seg gjere legge til rette for at forventningane og utbygging samsvarar greit med det som eventuelt kjem.

Positive faktorar vil vere ei auka bevisstgjering av natur, planter og dyr som lev der, klimaforandringar og menneskes inngripen. Me meiner at for å auke folk si ansvarskjensle ovanfor natur, så er ikkje å stenge dei ute frå naturen det rette å gjøre. Då vil ein i løpet av nokre generasjonar miste forholdet ein har med naturen, og dermed ynskje om å ivareta han. Kunnskap og relevant informasjon frå pålitelige kilder vil bidrage positivt til folk sine haldningar til natur og miljø - forhåpentligvis også utanfor Noreg grenser.

Hvem skal eie og vedlikeholde eventuelle fysiske tiltak i etterkant/hvordan skal arbeidet videreføres?

Dette er også noko me må greie ut etter at forprosjektet er i havn. Der skal me ta stilling til både materialbruk, lokasjon, o.l., og det kjem til å ha litt og sei for kostnadsbilete/ansvarsfordeling i framtida. Noko av hovudtanken me har hatt ift. materialbruk er at installasjonen skal vere mest mogleg vedlikehaldsfri. Me ynskjer at naturen og tidas tann skal komplimentere installasjonen. D.v.s. at dersom det gror mose på, så ynskjer me at dette skal vere ein del av uttrykket, og at det skal om mogleg gjøre uttrykket endå meir spanande!

Beskriv hvordan krav om 50% egenfinansiering skal løses:

50% eigenfinansiering skal kome frå Haukeli Næringslag ev. supplert med midlar frå andre tilskotsordningar.

Budsjett

Kostnader	Beløp
Timer egne ansatte (345 x kr 576 per time)	198 720
Dugnadstimer frivillige (345 x kr 300 per time)	103 500
Kjøp av tjenester	1 250 000
Transport (kjøring)	10 000

Utgifter til investeringer	0
Korrigering timekostnad egne ansatte	22 770
Sum kostnader	1 584 990

Finansiering	Beløp
Samlet kostnad	1 584 990
- Dugnadstimer frivillige (345 x kr 300 per time)	103 500
- Egne midler	689 000
- Andre offentlige tilskudd	0
- Annen finansiering	0
Omsøkt tilskudd	792 490

Kan tiltaket/deler av tiltaket gjennomføres med mindre tilskudd enn omsøkt? Ja

På hvilken måte?

Me har fått eitt tilbud om eit moglegheitsstudie på 1 250 000 inkl mva. frå ein leverandør. Likevel er det ikkje sikkert med ender med å gå for denne leverandøren, og beløpet kan då kanskje bli mindre.

Minste tilskuddssum for gjennomføring: 500 000

Eventuelle merknader:

Minste tilskotssum for gjennomføring er usikkert då me ikkje veit endeleg pris frå leverandør. Difor har me basert finansieringsplanen på prisen me har fått opplyst frå det eine selskapet me har vore i kontakt med.

Vedlegg

 Ide ` , reinsdrysformidlingspunkt.pdf (Bilde)

 Gudrun K Tjønnhaug Semons for HAUKELI NÆRINGSLAG

Levert 14.01.2024